



Dei to storfiskarane byter ut fiske i Uskedalselva med stølsdrift på Voss i sommar.

Dei to Uskedalungdommane Sindre Aksnes (18) og Jone Rørheim Kjærland(17) går ein spennande sommar i møte. Arbeidsperioden skal dei nemleg tilbringa på ein støl i Raundal ved Palmafossen ovanfor Voss. Der skal dei to ungdommane ha ansvar for ikkje mindre enn 38 mjølkekyr.

I fjor var søstera til Jone, Eirin budeie på same stølen saman med venninna og Bømlø-jenta Inger Marie Opedal. Dei hadde ein uforgløyemeleg sommar trass i det dårlege veret. Ei oppleving for livet!



Jone studerer interessert mjølkeanlegget då han besøkte stølen i fjor

Om lag 25.juni reiser dei to gutane avgarde til Raundal, og då skal dei vera der i 4-5 veker. Begge ser fram til arbeidet på stølen. Dei kjenner til livet der utfrå det Eirin har fortalt, og Jone var til og med og besøkte ho på stølen i fjor. Begge gutane har solid bakgrunn for oppgåva. Viktig er erfaringa dei har sikra seg gjennom arbeid på heimegarden og som avløyssar. Jone kan og sjå tilbake på eit år på jordbrukskulen på Voss. Sindre er nett i ferd med å gjera seg ferdig med 2.året på studiespesialiserande på Husnes.



[Stølen ligg i eit idyllisk fjellområde.](#)

Gutane trur dei får ein kjekk sommar. - Det er for opplevelsen vi gjer det, seier Sindre. - Er det ikkje rekreasjon dei kallar det? legg han til med eit forventningsfullt smil. Som mange andre håpar dei på fint sommarver.

Vi ser fram til å koma tilbake med meir om denne sommaropplevinga seinare.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Svein Ottar Rørheim og Ola Matti Mathisen